



Surnadal Heimbygdlag

ÅRSMELDING FOR 2014

Styret:

Leiar: Trygve Roaldset Nestleiar: Marit Lesund Skrivar: Sverre Hatle Kasserar: Arild Drøivoldsmo

Styremedlem: Svein Sæter.

Varamedlemmer: Eli Gulla, Astrid Mogstad Høivik

Andre tillitsverv:

Ansvarleg for boksal: Sverre Hatle Revisorar: Kristen Halle, Styrkår Brørs

Valnemnd: Randi Sogge, Nathan Lediard og Martin Fiske.

Utsendingar til årsmøtet i Nordmøre Mållag i Angvika: Trygve Roaldset, Marit Lesund

Medlemstal: 63 (44 betalt)

Møte:

Årsmøtet var på Vårsøg Hotell 27. feb. 2014, med 14 frammøtte, vanlege årsmøtesaker. Bordsete. Under og etter bordseta viste Torgeir Leivdal lysbilete og kåserte om "handlingsboren kunnskap", tradisjonshandverk slik dei vidarefører det ved Husasnotra i Valsøyfjorden, dessutan spela han nokre slåttar på fele.

Styret har hatt eitt møte. Andre saker har vorte drøfta på telefon og e-post. Møteboka har 15 saksnummer.

ARBEIDET I LAGET:

Skulemål:

Laget avtala og organiserte eit besøk av Synnøve Sætre frå Norsk Målungsdom på Surnadal ungdomsskule og Surnadal vg. skole 10.02.2014. Besøket omfatta to dobbeltimar med 1. og 2. kull på vidaregåande allmennfag og tre skuletimar meg tre grupper av 10.klassingar. Dette var eit fellesprosjekt i samarbeid med mållaga i Aure og Sunndal.

Prosjektstøtte:

Laget støttet Blomsterhaug Forlag med 15.000 kr til ny utgjeving av boka "Vårsøglandet".

Gravferdsgåve:

Ved gravferda for Alf Ramsøy i Todalskyrkja 4. juli 2014 helsa leiaren frå Surnadal Heimbygdlag og la ned blomster, og laget gav ei minnegåve på 2000 kr til "Skulstuå", slik Alf hadde ønskt.

Krigsminne-kveld: Saman med Folkeakademiet arrangerte vi 6. november på Kammerset ein foredragskveld med lysbilete ved Anny Søderstrøm Wigum og Inger Tragethon om partisankrigen og flukt frå Finnmark til Russland 1944.

Stadnamn: Laget sendte i september ei høyringsfråsegn til Kulturdepartementet i samband med at regjeringa har komme med framlegg om endringar i stadnamnlova. I fråsegna går vi imot at kvar enkelt grunneigar skal kunna bestemme skrivemåten av bruksnamnet utan å ta omsyn til dei rettskrivingsprinsippa for nedarva stadnamn som er nedfelt i lova, at namneforandring kan gjerast av grunneigar når som helst utan offentleg namnesak, med den følgje at same bruksnamn/stadnamn kan skrivast på fleire ulike måtar.

Boksal:

Salstal i år:	Salstal 2006 – 2014:
23 stk Ord te gagns.....	712 stk
10 stk Vårsøg + Lauvfall attpå handelen (+ 10 fakturert).....	274 stk
6 stk Ville blomstra.....	1037 stk
33 stk Å vera her.....	194 stk
5 stk Surnabanen (+ 5 fakturert).....	38 stk

Sal av Du mitt Nordmøre 2014:

Privat kontantsal (76), bokhandelen (95), Mega (30), grenatabutikkar (17), i alt ca. 218 bøker.

Sverre Hatle